



| | | |
|----------------------------|----------------------|-------------------|
| Saksgang | Møtedato | Saksnr. |
| Kultur- og oppvekstutvalet | 01.11.2005 | 045/05 |
| Sakshandsamar: | Arkiv: K2-A10 | Arkivsaknr |
| Runa Nybakk | Objekt: | 04/33 |

FRAMLEGG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGE - HØYRING

Kva saka gjeld:

Barne- og familiedepartementet har sendt Revidert rammeplan for barnehage ut på høyring, med høyringsfrist 071105.

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova, og gjev retningsliner for barnehagen sitt innhald og sine oppgåver.

Revidert rammeplan byggjer på nåverande rammeplan for barnehagar av 1995, det grunnlaget som er fastsett i lov om barnehager 17. juni 2005 nr 64 og innspel 5. juli 2005 frå ei arbeidsgruppe oppnemnd av Barne- og familiedepartementet.

Rammeplanen som forskrift rettar seg mot 4 aktørar;

Personalet i barnehagen skal nytte rammeplanen som arbeidsreiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering. Ved å sjå omsorg, oppdraging og læring i eit samfunnsperspektiv, framhevar planen kor viktig dei vaksne sine kunnskarar om, haldningar til og dugleik til å møte, forstå og oppdra barn til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn, er.

Foreldre/føresette skal ha innsikt i barnehagen si verksemd, og ha muligheit til medverknad og medbestemming.

Barnehageeigar kan fastsette retningsliner for lokal tilpassing av rammeplanen, og har ansvar for at kvar barnehage har dei naudsynte rammetilhøva for å komme føringane i rammeplanen i møte.

Kommunen har ansvar for å føre tilsyn med at alle barnehagar i kommunen driv ei tilfredstillande pedagogisk verksemd i samsvar med lov og forskrift.

Rådmannen legg fram slik høyring til vedtak;

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- om planen

Revidert rammeplan ligg føre som lettlest og oversiktleg då den er komprimert i forhold til gjeldande rammeplan.

- om barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen sitt oppdrag som oppvekstarena for alle barn i eit etterkvart komplekst samfunn kjem tydeleg fram. Synet på barn og barndom, eit heilskapleg læringsomgrep og barnehagen sin eigenart som arena for lek, omsorg, oppdraging og læring kjem klart fram.

- om barnehagen sitt innhald

5 fagområde med mål for barnehagen i eksisterande rammeplan, er vidareført som 6 fagområde med prosessmål i utkastet til revidert rammeplan. Vi ser det som positivt at "nærmiljø og samfunn" vert eit eige fagområde. Det er og positivt at filosofi er lagt vekt på som del av fagområdet "etikk, religion og filosofi".

Fagområda skal vere representert i barnehagen sitt gjennomgåande og periodiske innhald, og sjåast i samheng med barnehagen sine arbeidsmåtar, som skal pregast av lek, kreativitet, glede og humor i sosialt samvær med andre. Det er også nedfelt prosessmål i høve sosial forståing og sosial dugleik.

Leiken som meiningsskapande og viktig aktivitet i barna sin læringsprosess bør utdjupast meir, og då med prosessmål.

Vi synes og at planen må avspegle det fleirkulturelle samfunnet vi lever i, og forventar og ei grundigare utdjuping rundt tema om fleirkulturelle barn.

I rammeplanen vert ein for ukklar i det som står om likestilling. Likestilling i barnehage må vere noko meir enn "både kvinner og menn i barnehagen må utføre alle arbeidsoppgåver" (kap 4 om omsorg) og "barnehagen skal bidra til at barna får oppleve at gutter og jenter får like muligheter og oppmerksomhet" gjennom at personalet "arbeider med likestilling mellom gutter og jenter" (Prosessmål under fagområdet "Nærmiljø og samfunn") Eit av satsingsområda i barnehagesektoren frå 2005, er å utarbeide med "Handlingsplan for likestilling i barnehage". Vi meiner at dette arbeidet må reflekterast inn som føring i rammeplanen

- om personalet

Personalet sin kompetanse, haldningar, evne og vilje er viktige faktorar for at føringar/mål i rammeplanen kan gjennomførast. Dette kjem tydelegast fram i samband med dei ulike fagområda i kap. 6, der det er definert klare arbeidsmål for personalet.

Personalet er også viktige rollemodellar og relasjonspartar, og skal vere merksame, respektere, lytte til, oppmuntre, ta omsyn til og vise omsorg for barn og skal sørge for at både barn og foreldre/føresette får reell medverknad i utforminga av barnehagen sitt innhald.

Krava til personalet sin kompetanse er både tydelege og omfattande. Vi ser det som positivt at dei tilsette sitt arbeid vert meir forpliktande og tydeleggjort med klare målsettingar.

Vi forventar her ei oppfølging i form av kompetansetiltak og ressursar for gjennomføring av kompetanseutvikling.

- om barnet og barnegruppa

Planen har gjennomgåande fokus på enkeltbarnet. Barn under opplæringspliktig alder er ei samansett gruppe som møter barnehagen med ulike føresetnader. Eit likeverdig barnehagetilbod av god kvalitet vil derfor krevje ei individuell tilrettelegging.

Vi meiner at arbeid med tilrettelegging for enkeltbarnet får eit overdimensjonert fokus i forhold til arbeidet med barnegruppa. Med dette meiner vi ikkje å tone ned at kvart barn skal ha eit godt og tilrettelagt tilbod ut frå eige føresetnader. Vi meiner at planen også må ha fokus på barnegruppa, og kor viktig grupperelasjonar og samhandlingar i gruppe er for barna sitt samla utbytte av barnehagetilbodet.

- om planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planen slår fast at den pedagogiske verksemda skal planleggast, dokumenterast og vurderast. I dette arbeidet har styrar og pedagogisk leiar ulike ansvarsområde. I arbeidet skal det leggast til rette for breiast mogleg medverknad frå barn, foreldre, personale og eigar. Planen legg opp til at kvar barnehage fritt kan velje metode og omfang i dette arbeidet.

Ein viktig metode som grunnlag for dokumentasjon, vurdering og planleggingsarbeid, er observasjon. Vi meiner at observasjon som metode, i forhold til enkeltbarn, barnegruppe og personalsamarbeid må reflekterast inn i planen.

Barn si læring og personalet sitt arbeid skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver, og barnehagen som arena for lek, læring og utvikling. Barnehagen sine arbeidsmåtar skal vere prega av kontinuitet og progresjon, med individuell tilrettelegging ut frå kvart barn sin ulike ståstad. Planen er klar på at barnehagen ikkje skal fastsette måloppnåing hos enkeltbarn i forhold til gitte kriterium. Vi finn det vanskeleg å sjå korleis ein kan vurdere barn sitt utbytte av opphaldet i barnehagen dersom dette ikkje kan reflekterast gjennom å fastsette måloppnåing hos enkeltbarn. Planen set fokus på bruk av dokumentasjon knytt til enkeltbarn i samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen, sjølvsgt i samråd med foreldre/føresette.

Vi ser fram til at planen kan bli tydelegare på bruk av observasjon som systematisk metode for innsamling av informasjon rundt enkeltbarn, samhandling og sosialt samspel i barnehagen. Slik kan ein reflektere og gjere ei heilskapleg vurdering av korleis barn utviklar seg og korleis barnegruppa fungerer.

Vi forventar og at planen er vert tydelegare på kva type dokumentasjon som er etisk forsvarleg å legge til grunn for planleggings- og utviklingsarbeidet i barnehage.

- om årsplanarbeid og samarbeid i kommunen

Alle barnehagar skal utarbeide årsplan som informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til alle brukarar og alle interesserte. Årsplanen er arbeidsreiskap for personalet, utgangspunkt for foreldre til å påverke innhaldet, og skal danne grunnlag for kommunen

sitt tilsyn med barnehagen. I tillegg til årsplan ser ein behov for periodeplanar og langtidsplanar.

Rammeplanen skisserer krav til kva årsplanen skal innehalde;

- Korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdraging og læring
- Korleis sikre foreldresamarbeid og barn sin medverknad
- Markering av lokale kulturaktivitetar
- Plan for overgang frå barnehage til skule

Barnehagen sine planer skal sjåast i samanheng med kommunal planlegging av barnehagesektoren og av barn sitt oppvekstmiljø. Vi meiner det er svært viktig at årsplanarbeidet skal koplust mot kommunen sitt plan- og budsjettarbeid.

Vi har ei oppfatning av at omgrepet "årsplan" bør fornyast i tråd med annan fornying som vert forventa av offentleg sektor. Etter mange år med årsplanarbeid, der årsplanane varierte i omfang frå 20 sider til 100 sider, har vi funne ei felles løysing i vår kommune. Kvar barnehage lagar nå "Handlingsprogram" som del av eit felles Handlingsprogram/ budsjett for heile kommunen. Handlingsprogrammet vert fastsett av samarbeidsutvalet i kvar barnehage, og reflekterer dei krav og føringar som lov og forskrifter tilseier.

Utviklingstrekk, satsingsområde, målsettingar, tiltak, tenesteerklæring, kompetanseutvikling og område for intern og ekstern vurdering, nøkkeltal og ramme for budsjett er faste postar. Kvar barnehage har i tillegg interne planar som konkretiserer og utdjupar handlingsprogrammet. Ein slik måte å lage "årsplan" på opplever vi som meningsfull.

Vi har også utarbeidd /under arbeid felles retningslinjer for samarbeid med andre instansar, som skule, PPT, barnevern, helsestasjon.

I innleiinga til planen står det: "Rammeplanen skal tilpassast varierte driftsformer. Den enkelte eier må ut fra lokale forhold og rammebetingelser finne fram til de oppgaver som skal pålegges de ulike driftsformer. Det er ønskelig at kommunen og de private eierne samarbeider om retningslinjene for lokal tilpassning, og at det eventuelt kan avtales felles retningslinjer for kommunale og private barnehager."

Vi ser svært positivt på at kommunen og private barnehageeigarar vert oppfordra til å samarbeide om felles retningslinjer for lokal tilpassing av rammeplanen. Det er viktig med ei grunnleggjande haldning i utviklinga av eit godt barnehagetilbod for alle barna i kommunen. Felles retningslinjer og felles forståing av korleis ein skal løyse utfordringar i barnehagesektoren, vil forenkla kommunen sitt godkjennings- og tilsynsansvar.

01.11.2005 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vi forventar her ei oppfølging i form av kompetansetiltak og ressursar for gjennomføring av kompetanseutvikling.

- om barnet og barnegruppa

Planen har gjennomgåande fokus på enkeltbarnet. Barn under opplæringspliktig alder er ei samansett gruppe som møter barnehagen med ulike føresetnader. Eit likeverdig barnehagetilbod av god kvalitet vil derfor krevje ei individuell tilrettelegging.

Vi meiner at arbeid med tilrettelegging for enkeltbarnet får eit overdimensjonert fokus i forhold til arbeidet med barnegruppa. Med dette meiner vi ikkje å tone ned at kvart barn skal ha eit godt og tilrettelagt tilbod ut frå eige føresetnader. Vi meiner at planen også må ha fokus på barnegruppa, og kor viktig grupperelasjonar og samhandlingar i gruppe er for barna sitt samla utbytte av barnehagetilbodet.

- om planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planen slår fast at den pedagogiske verksemda skal planleggast, dokumenterast og vurderast. I dette arbeidet har styrar og pedagogisk leiar ulike ansvarsområde. I arbeidet skal det leggast til rette for breiast mogleg medverknad frå barn, foreldre, personale og eigar. Planen legg opp til at kvar barnehage fritt kan velje metode og omfang i dette arbeidet.

Ein viktig metode som grunnlag for dokumentasjon, vurdering og planleggingsarbeid, er observasjon. Vi meiner at observasjon som metode, i forhold til enkeltbarn, barnegruppe og personalsamarbeid må reflekterast inn i planen.

Barn si læring og personalet sitt arbeid skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver, og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling. Barnehagen sine arbeidsmåtar skal vere prega av kontinuitet og progresjon, med individuell tilrettelegging ut frå kvart barn sin ulike ståstad. Planen er klar på at barnehagen ikkje skal fastsette måloppnåing hos enkeltbarn i forhold til gitte kriterium. Vi finn det vanskeleg å sjå korleis ein kan vurdere barn sitt utbytte av opphaldet i barnehagen dersom dette ikkje kan reflekterast gjennom å fastsette måloppnåing hos enkeltbarn. Planen set fokus på bruk av dokumentasjon knytt til enkeltbarn i samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen, sjølvstilt i samråd med foreldre/føresette.

Vi ser fram til at planen kan bli tydelegare på bruk av observasjon som systematisk metode for innsamling av informasjon rundt enkeltbarn, samhandling og sosialt samspel i barnehagen. Slik kan ein reflektere og gjere ei heilskapleg vurdering av korleis barn utviklar seg og korleis barnegruppa fungerer.

Vi forventar og at planen er vert tydelegare på kva type dokumentasjon som er etisk forsvarleg å legge til grunn for planleggings- og utviklingsarbeidet i barnehage.

- om årsplanarbeid og samarbeid i kommunen

Alle barnehagar skal utarbeide årsplan som informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til alle brukarar og alle interesserte. Årsplanen er arbeidsreiskap for personalet, utgangspunkt for foreldre til å påverke innhaldet, og skal danne grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen. I tillegg til årsplan ser ein behov for periodeplanar og langtidsplanar.

Rammeplanen skisserer krav til kva årsplanen skal innehalde;

- Korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdraging og læring
- Korleis sikre foreldresamarbeid og barn sin medverknad
- Markering av lokale kulturaktivitetar
- Plan for overgang frå barnehage til skule

Barnehagen sine planer skal sjåast i samanheng med kommunal planlegging av barnehagesektoren og av barn sitt oppvekstmiljø. Vi meiner det er svært viktig at årsplanarbeidet skal koplant mot kommunen sitt plan- og budsjettarbeid.

Vi har ei oppfatning av at omgrepet "årsplan" bør fornyast i tråd med annan fornying som vert forventa av offentleg sektor. Etter mange år med årsplanarbeid, der årsplanane varierte i omfang frå 20 sider til 100 sider, har vi funne ei felles løysing i vår kommune. Kvar barnehage lagar nå "Handlingsprogram" som del av eit felles Handlingsprogram/ budsjett for heile kommunen. Handlingsprogrammet vert fastsett av samarbeidsutvalet i kvar barnehage, og reflekterer dei krav og føringar som lov og forskrifter tilseier. Utviklingstrekk, satsingsområde, målsettingar, tiltak, tenesteerklæring, kompetanseutvikling og område for intern og ekstern vurdering, nøkkeltal og ramme for budsjett er faste postar. Kvar barnehage har i tillegg interne planar som konkretiserer og utdjupar handlingsprogrammet. Ein slik måte å lage "årsplan" på opplever vi som meningsfull.

Vi har også utarbeidd /under arbeid felles retningslinjer for samarbeid med andre instansar, som skule, PPT, barnevern, helsestasjon.

I innleiinga til planen står det: "Rammeplanen skal tilpassast varierte driftsformer. Den enkelte eier må ut fra lokale forhold og rammebetingelser finne fram til de oppgaver som skal pålegges de ulike driftsformer. Det er ønskelig at kommunen og de private eierne samarbeider om retningslinjene for lokal tilpassing, og at det eventuelt kan avtales felles retningslinjer for kommunale og private barnehager."

Vi ser svært positivt på at kommunen og private barnehageeigarar vert oppfordra til å samarbeide om felles retningslinjer for lokal tilpassing av rammeplanen. Det er viktig med ei grunnleggjande haldning i utviklinga av eit godt barnehagetilbod for alle barna i kommunen. Felles retningslinjer og felles forståing av korleis ein skal løyse utfordringar i barnehagesektoren, vil forenkla kommunen sitt godkjennings- og tilsynsansvar.

Fredrik W. Gulbranson
Rådmann

Øyvind Bang-Olsen
Plansjef

Prenta/uprenta vedlegg:

| Nr | T | Dok.dato | Til/Frå | Tittel | Vedlagt (x) |
|----|---|------------|--|--|-------------|
| 8 | I | 07.09.2005 | Det kongelige Barne- og familiedepartement | Høring - forslag til revidert rammeplan for barnehagen | |